

«Den guddommelege komedien» som nynorsk teikneserie

(NPK): No kjem det klassiske verket «La Divina Commedia» av Dante Alighieri (1265–1321) ut som teikneserie hos TransFe:r Forlag i Bergen. «Dante: Den guddommelege komedie som teikneserie – Helvetet» er teikna av Marcello Toninelli og omsett til norsk av Bodil Moss.

Dette er ein teikneserieparodi som første gong vart presentert for lesarar i Italia i 1968. Etter nokre endringar kom han ut i bokform i 2004 som «Dante: Divina Commedia a fumetti – Inferno», første boka i ein trilogi som fekk stor merksemd og no er utseld i Italia.

Serien inneheld 92 sider med teikneseriestriper i svart/kvitt som følgjer

Dante gjennom helvetet, med alt frå ein til seks sider for kvar song i komedien. Teiknaren Toninelli har lagt seg tett opp til originalen, men har med humoristisk vri aktualisert stoffet og ført Dante nærare samtida vår.

Omsetjar Bodil Moss har skrive eit etterord der ho fortel litt om omsetjingsprosessen. Denne utgjevinga handlar om omsetjing på mange plan, frå ei historisk tid til ei anna, frå eit epos på vers til teikningar med snakkebobler, frå Dantes italiensk via Marcello sin versjon av språket og vidare inn i den moderne nynorsken til Bodil Moss.

(©NPK)